



HJELMELAND
KOMMUNE

Bondeposten

1/2026 – 32. årgang



Det går mot vår... 😊

Innhald

Bondens nettverk	3
Viktige datoar	4
Utbetaling av produksjonstilskot og RMP 2025	5
Produksjonstilskot – søknadsfrist 15.03.....	5
RMP 2026 - Ny miljøavtale i RMP.....	6
Avløysartilskot - dokumenter utgiftene	7
Tilskot til tiltak i beiteområde – søknadsfrist 15. mars	7
Ny forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv	7
Nye erstatningssatsar ved overproduksjon av svin og fjørfe	9
Storfebønder kan søkje om økonomisk støtte til tuberkulose testing	9
Innovasjon Norge – IBU-midlar	9
Kommunalt næringsfond.....	10
Flyfoto frå april 2025	10
Spreieareal.....	10
Hogst langs vassdrag	10
Tilsyn gjødsellager	11
Skogen skal fornyast etter hogst	11
Skogbruk i Hjelmeland 2025.....	12
Kurs/møte.....	12
Landbruksmøte 10. mars.....	12
Maten vår 25. mars	12



BONDENS NETTVERK

Hjelmeland kommune

Bonden har eit stort ansvar kvar einaste dag. For alle bønder kan det oppstå situasjonar eller enkelthendingar som kan vere vanskelege å handtere åleine. Det er ikkje uvanleg at ein mistar evna til å tenkje klårt når ein er i ein vanskeleg situasjon, anten det er ei akutt krise eller ein belastande situasjon som tærer over tid. Det er nettopp det Bondens Nettverk kan hjelpe med; få oversikt og leggja ein plan for å normalisera situasjonen.

Ta kontakt anten du sjølv er i ein vanskeleg situasjon eller du er bekymra for nokon andre:

Anne Kari Skogerbø : 404 39 126, Hjelmeland kommune, Landbruk

Anita Jensen: 416 94 657, Norsk landbruksrådgiving

Sven Gil Westersjø : 928 62 410, Hjelmeland Sau og Geit

Marta Ommundsen : 404 39 076, Hjelmeland kommune, Helse

Gunnar Bø: 934 01 147, Hjelmeland Bondelag

Teieplikta vil bli ivareteken.



Hva er Bondens nettverk?

Bondens nettverk består av kjente støttespillere og ressurser rundt et gårdsbruk som stiller opp dersom bonden ønsker det.

Nettverket jobber systematisk og består av lokale aktører som har tilknytning til landbruket.

De tilgjengelige ressursene finnes på en oversikt som ligger på kommunens nettsider. Oversikten inneholder kontaktinformasjon til alle aktørene.

Bondens nettverks ressurser kan kontaktes av bonden selv eller andre som er bekymret for bondens situasjon og helse.



Da kan en bonde som trenger hjelp eller noen på bondens vegne, velge den i nettverket de ønsker hjelp av.

Aktørene i nettverket kjenner til hverandre og kan hente inn riktig kompetanse ut fra behov og etter bondens samtykke.

Det er kun de aktørene som det er aktuelt for bonden å få hjelp av, som vil kjenne til den aktuelle saken.



Hvem kan benytte nettverket?

Alle bønder kan få hjelp av Bondens nettverk.

Alle kan ha en vanskelig dag eller periode på jobben, og bønder opplever de samme utfordringene som resten av samfunnet. Det kan være livssituasjoner som skilsmisser, sykdom, stress og vanskelig økonomi. En livssituasjon som oppleves vanskelig kan gi negative tanker, og det er heldigvis blitt vanligere å snakke om det.

Hvorfor Bondens nettverk?

Formålet med Bondens nettverk er å forebygge og legge til rette for god psykisk helse i landbruket, samt være et sikkerhetsnett hvis en ulykke rammer en bonde.

Viktige kjennetegn ved nettverket er:

- Lav terskel for å ta kontakt.
- Bryr seg på en positiv måte.
- Tilgjengeliggjør en oversikt over ressurser som kan bistå når behovet oppstår.
- Bevisstgjør og alminneliggjør at alle kan komme utfor en krise.

Taushetsplikt

All informasjon som Bondens nettverk mottar behandles konfidensielt i nettverket. Det er kun den som ringer på vegne av seg selv eller andre, som kan gi fullmakt til å innhente bistand fra andre aktuelle instanser/ressurser.

Viktige datoar

1. mars	frist for melding til kommunen om evt. vipestripe – RMP
1. mars	teljedato produksjonstilskot del 1
15. mars	søknadsfrist produksjonstilskot del 1
15. mars	søknadsfrist organisert beitebruk – tiltak i beiteområde
29. mars	Siste frist for eventuelle endringer i innlevert søknad om prod.tilskot del 1
10. aug	siste frist for spreieing av husdyrgjødtsel dersom ein søkjer om miljøvennleg spreieing
20. aug	Søknad om kommunalt tilskot til næringsføremål
1. sep	siste frist spreieing av husdyrgjødtsel viss ikkje søkjer RMP miljøvennleg spreieing
1. okt	Teljedato produksjonstilskot del 2
15. okt	Søknadsfrist produksjonstilskot del 2
15. okt	Søknadsfrist RMP
29. okt	Siste frist for endring av søknad – produksjonstilskot del 2 og RMP
31. okt	Frist for søknad erstatning ved produksjonssvikt
1. nov	Frist søknad erstatning for sau drepen av freda rovvilt (miljødirektoratet)
15. nov	Søknadsfrist organisert beitebruk, OBB

Hjelmeland har ikkje søknadsfrist for SMIL-midlar eller tilskot til drenering. Men skal ein få saka med på det kalenderåret ein søkjer, bør du sende inn søknad seinast i starten av november.

Utbetaling av produksjonstilskot og RMP 2025

Utbetaling av produksjonstilskot var 11. februar, og RMP er 13. mars. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak. Produksjonstilskotvedtak kjem samtidig med utbetaling, medan for RMP får du vedtaket før utbetalinga.

Les vedtaket nøye for å sjå om du har fått det tilskotet du har rett på.

Produksjonstilskot – søknadsfrist 15.03

1. mars er registreringsdato. Det er dei dyra ein har på denne datoen ein søker tilskot til denne omgangen. Ein søker ikkje tilskot til areal denne gongen. Dyretalet ein har pr 1. mars er del av grunnlaget for avløysarrefusjon i 2026.

Mjølkekyr og ammekyr – må ha kalva i løpet av dei siste 15 md før teljedato. Var obs på at her er skilje mellom kalving og kasting. Dersom det er kyr av bevaringsverdig rase er vilkåret at dei har kalva i løpet av siste 18. månadar før teljedato. Husk oppdatering av husdyrregisteret!

Sauer – husdyrtilskotet og produksjonstilskot blir berekna berre utifrå dato 1. mars. Det er forventa at ein har produksjon på dei dyra ein søker produksjonstilskot for. Spesielt i sauehaldet er det mykje fokus på «vanleg jordbruksproduksjon» – tal lam, både på beite og slakta, slaktevektar og kvalitet er med i vurderinga. Tal lam blir samanlikna med tal sauer pr 1. mars. Dersom talet pr 1. mars inneheld mykje fjorlam som snart skal slaktast, blir produksjonen i året sett i forhold til dyretal 1. mars så dårleg at det kanskje ikkje kan reknast som vanleg jordbruksproduksjon.

Har du nokon lam du har fôra over vinteren, og snart skal slakte, så skriv merknad om dette i merknadsfelt. Kor mange som er fjorlam, kvifor du ikkje har slakta dei hausten før, og gjerne og rase. Dersom du har påsettlam som ikkje er para er det fint med ein merknad om det og. Dette gjer arbeidet for kommunen med vurdering av vanleg jordbruksproduksjon enklare, når me har eit betre grunnlag å gjere vurderinga utifrå!

Ammegeiter – sjå merknad på sau. Det må vere slakt av kje for at det skal reknast som husdyrproduksjon. Eller så kan det vere sal av livdyr, eller påsett. Har du vaksne geiter du søker tilskot til og ikkje har slakta kje – oppgi årsak til kvifor du ikkje har slakta kje dette året.

Dersom du har søkt innan 15. mars kan du gjere endringar fram til 29. mars. Søker du etter 15. mars får du kr 1000,- i avkorting pr dag du er etter søknadsfrist. 29. mars er siste dag du kan sende søknad.

Husk å sjekke kvitteringa di i Altinn – for å vere sikker på at du har sendt inn søknaden. Lurer du på noko så ta kontakt med kommunen.

Kantsone i samband med produksjonstilskot:

Det er svært viktig å ta vare på kantsona langs vassdrag og den skal i denne samanheng vere minimum 2 meter brei. Der skal det ikkje pløyast, spreiaast gjødsel eller sprøytast. Dette er minimumskrav for å få arealtilskot.

RMP 2026 - Ny miljøavtale i RMP.

I 2026 kan de søkje på ein ny miljøavtale for tiltak for å forbetre vassmiljø i open åkerproduksjon. Ordninga med open åker og vassmiljø inneheld tiltak som skal vere med å halde på jorda ved å hindre erosjon og redusere avrenning og næringsstoff og partiklar. Gjeld for korn, potet- og grønsakproduksjon. Gjeld heile Rogaland.

Vilkår – føretaket må oppfylle generelle vilkår for RMP i Rogaland. For å utløyse tilskotet skal søkjar:

Ikkje utføre jordarbeid før 15. februar neste vekstsesong. Dvs. at etter hausting, etablering av fangvekst eller forberede neste års vekstsesong skal arealet vere urørt til 15. februar året etter.

Spreie all husdyrgjødsel innan 10. august

Fylle ut internkontroll

Føretaket skal ha godkjent gjødslingsplan og føre gjødseljournal som viser gjødslingsdato, spreiemengder pr da, spreiemetode og gjødseltype, og ha same skifteinndeling som gjødslingsplan. Føre journal over plantevernmidlar.

Minste eit av desse tiltaka i samsvar med vilkår sett i RMP:

Grasdekt kantsone i åker

Grasdekte vassvegar og grasstripe i åker

Fangvekst som underkulstur

Fangvekst sådd etter hausting.

Ny forskrift om tilskot til klimarådgiving

Tom 2025 kunne du søkje om tilskot til klimarådgiving som ein av fleire ordningar i RMP. Fom 2026 er her eiga forskrift og eiga ordning for tilskot til klimarådgiving. Forskrifta er vedtatt av landbruks- og matderpartementet 23.02.26. <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2026-02-23-262>

For å få tilskot til klimarådgiving, må du fylle vilkår om produksjonstilskot – og avløysartilskot i jordbruket, og ha mottatt klimarådgiving til eigen jordbruksproduksjon.

Tilskotet kan gis for klimarådgiving som er gjennomført etter rådgivingsopplegg godkjent av Landbruksdirektoratet (som før). Rådgivinga skal ha resultert i ein plan for tiltak der målet er å redusera jordbruksføretaket si klimabelastning og betre jordbruksforetaket sine moglegheiter til å tilpassa seg eit klima i endring.

Ein kan ikkje gi tilskot dersom det har gått mindre enn tre år sidan tilskot for klimarådgiving blei innvilga. Ein kan likevel få nytt tilskot innan tre år dersom jordbruksforetaket:

- a. har hatt omfattende omlegging til andre typer driftsmetoder i jordbruksproduksjonen,
- b. har hatt omlegging til annan type produksjon som gir rett til produksjonstilskot i jordbruket, eller
- c. driver fleire typar jordbruksproduksjon enn tidlegare mottatt rådgiving dekker.

Tilskotssatsen vert fastsett utifrå ulike kategoriar av rådgiving og satsar fastsett i jordbruksavtalen.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren på fastsett søknadsskjema. Søknadar som blir sendt inn meir enn 1 år etter mottatt klimarådgiving, vert avvist.

Avløysartilskot - dokumenter utgiftene

Du må kunne dokumentere at du har hatt de utgiftene til avløsning, som du oppgir i søknaden. Det skal framgå av dokumentasjonen at avløsningen (arbeidet) har vært utført i søknadsåret. Hvis selve utbetalingen/faktureringen for arbeidet først skjer året etter søknadsåret, må det komme klart fram av dokumentasjonen at arbeidet ble utført i søknadsåret. Du trenger ikke legge ved dokumentasjon på utgiftene i søknaden, men i sin kontroll av søknaden kan kommunen be om at du framlegger slik dokumentasjon, det vil si utgifter til ansatt avløser, avløserlag, avløserring eller til annet foretak som tilbyr avløsertjenester.

Eksempel på dokumentasjon av avløserutgifter er

a-meldingen

bilag eller utskrift fra regnskap som viser utgifter til avløsning

faktura for avløsning

*Hvis fakturaen også gjelder andre varer eller tjenester enn avløsertjenester, må de ulike varene og tjenestene spesifiseres. Dette er for at kommunen skal kunne kontrollere utgiftene til avløsertjenester. Ettersom det ikke gis tilskudd til leie av maskiner eller andre varer som blir benyttet under en utførelse av en tjeneste, **må fakturaen spesifisere hva som er utgifter til leie av personell, og hva som er utgiftene til maskinleie og så videre.***

Tilskot til tiltak i beiteområde – søknadsfrist 15. mars

Ordninga gjeld i hovudsak beitelag/sankelag som skal gjere investeringar for å legge best mogleg til rette for utnytting av beite i utmark, redusera tap av dyr og fremja fellestiltak i beiteområde. Søknadsfrist 15. mars.

Ny forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv

gjødselbruksforskrift gjeld frå 1.2.2025. Her står meir om dette på [nettsida til Landbruksdirektoratet](#).

Det er vedtatt lokal forskrift om spreiefrist. Lokal forskrift, gjeld bla Hjelmeland, gjer at det blir lik spreiefrist nesten i heile Rogaland. Fom 2026 er første dag ein har lov å spreie gjødsel 1. mars og siste dag 1. september.

Dersom ein treng dispensasjon frå desse fristane må ein søkje til Statsforvaltaren i Rogaland.

Spreieareal – spreieing kan skje på fulldyrka og overflatedyrka jord. Kommunen kan etter søknad godkjenna innmarksbeite som spreieareal. Det kan ikkje tilførast gjødsel på jordbruksareal som ikkje haustast eller beitast.

Vegetasjonssone – ved spreieing på innmarksbeite skal avstand til vassdrag vere minst 6 m målt frå ytterkant av utstyret sin normale rekkevidde.

Alt spreieareal må godkjennast. Eksisterande fulldyrka og overflatedyrka jord er spreieareal. Innmarksbeite må godkjennast som spreieareal dersom du skal spreie husdyrgjødsel, og fom 2028 må det og godkjennast for bruk av kunstgjødsel, inkl. kalk.

Har du nydyrka areal, areal tilbakelagt etter masseuttak, som blir fulldyrka/overflatedyrka, så



må du få det godkjent ferdig dyrka før du kan spreie husdyrgjødsel her. Som regel vil ein gjødsle slike nye areal før ein sår i første gong. Då må kommunen godkjenne arealet som dyrka før den tid.

Avgrensing i tilførsel av forfor (P) på jordbruksareal. § 20. Ein kan tilføra P utifrå krav til fosforbalanse eller norm i forskrifta. Mengda P ein kan tilføra pr år vert gradvis redusert i perioden fram til 2033.

På innmarksbeite godkjent som spreieareal kan det tilførast maks 2 kg P/da netto beite pr år – fom 2025!

Landbruksdirektoratet har laga ein [fosforkalkulator](#) der du kan sette inn dyreslag, tidsperiode osv., og så kan du sjå kva krav her er til spreieareal og korleis du ligg an med ditt dyretal. Du kan og legge inn mineralgjødsel i kalkulatoren.

Hjelmeland kommune vil snart sende ut eit eige informasjonsskriv som gjeld ny forskrift om lagring og bruk av gjødsel.

Gjødslingsplan

Den som disponerer og gjødsler meir enn 25 da pr år, eller meir enn 5 da poteter eller grønsaker som er særleg fosforkrevjande, skal ha ein gjødslingsplan. Planen skal vere klar før vekstsesongen startar og justerast etter behov dersom vekstforholda avvik frå forutsetningane då planen blei laga.

Planen skal innehalde kartskisse som viser arealinndeling, og det skal vere opplysningar om tal da, jordprøveresultat, forgrøde, årets vekstar, forventta avling, gjødslingsbehov for N og P pr da, kva gjødselslag ein reknar med å bruke og planlagt tilførsel av P og N i mengde pr da oppgitt i kg. Jordprøvane skal ikkje vere eldre enn 8 år.

Gjødslingsplanen skal seie noko om eventuelt overskot av gjødsel og korleis det skal handterast. Gjødselplanen skal oppbevarast og kunna leggst fram for eventuell kontroll i minst 5 år etter aktuelt kalenderår.

Gjødseljournal

Alle som brukar gjødselvarer skal føre gjødseljournal som gjer oversikt over, kva type og mengde gjødsel det er gjødsla med, på kva for eit areal og kva tidspunkt, mengde P og N som er tilført det enkelte areal og kva mengde P og N det totalt er tilført. Opplysningane skal kunna leggst fram for kontroll seinast 1. november i aktuelt år, og skal oppbevarast i minst 5 år.

Nye krav til gjødselplan og gjødseljournal gjeld fom 2026.

Nye erstatningssatsar ved overproduksjon av svin og fjørfe

Landbruks- og matdepartementet har vedteke nye standardiserte erstatningssatsar ved overskriding av konsesjonsgrensene for svine- og fjørfeproduksjon. Nye satsar gjeld frå 1. januar 2026.

Ei hovudårsak til endringa er at tidlegare satsar ikkje spegla den faktiske lønsemda i produksjonen. Det blei peika på at satsane bør reviderast oftare for å følge inntekts- og kostnadsutviklinga. Dei nye satsane vil gje større økonomiske konsekvensar ved overskriding av konsesjonsgrensa, spesielt for svineproduksjonen.



Foto: Norsvin

Nye satsar frå 1. januar.

LMD vidarefører modellen med to nivå for erstatning:

Låg sats ved overproduksjon opp til 20 % over konsesjonsgrensa.

Høg sats ved overproduksjon over 20 %, der det normalt er snakk om drift i fleire bygningar og høgare faste kostnader.

Tabellen er henta frå forskrift om endring i forskrift 1. april 2004 nr. 611 om regulering av svine og fjørfeproduksjonen.

Dyreslag	Sats pr. dyr for andel produksjon ≤ 20 % over konsesjonsgrensa	Sats pr. dyr for andel produksjon > 20 % over konsesjonsgrensa
	over	over
1. Slaktekylling	4,5	4,25
2. Kalkun	45	25
3. Verpehøne	100	75
4. Slaktegris	450	200
5. Avlspurke	21 000	10 800
6. Avlspurke i satellitt i purkering	32 000	23 900
7. Avlspurke i nav i purkering	2 650	1 975

Storfebønder kan søkje om økonomisk støtte til tuberkulose testing

Rogaland Bondelag melder at storfebønder som må testa storfebesetninga i samband med Mattilsynet sitt overvakingsprogram for storfetuberkulose, kan få inntil kr 3000 i refusjon. Ordninga gjeld medlemmer i Bondelaget som har hatt ekstra personell i samband med testinga. Tilbakeverkande kraft – frå overvakingsprogrammet starta hausten 2025.

Innovasjon Norge – IBU-midlar

Prioriteringar innan tradisjonelt landbruk i Rogaland:

<https://www.innovasjonnorge.no/artikkel/regionale-prioriteringer-for-landbruksmidler>

Mjølkeproduksjon – ombygging til lausdrift

Ungdyroppdrett i mjølkeproduksjon – ombygging til lausdrift

SPF-gris – inntil 35 % tilskot og maks kr 500 000,-.

Ammeku – ombygging til lausdrift med vekt på dyrevelferd

Sau – tiltak med særleg fokus på dyrevelferd
Gjødsel og grovforlager inntil 25 %, og maks kr 250 000,-.
Frukt, bær og grønnsaker når marknadstilgang kan dokumenterast.

Nokon prioriterte område innan tilleggsnæringar

Kommunalt næringsfond

Politikarane gjorde endringar i retningslinjene for tildelingar frå fondet i februar 26. Fom i år er det ein søknadsfrist, **20. august**. Oppdatert informasjon om næringsfondet kjem snart på kommunen si heimeside.

Flyfoto frå april 2025

Det blei flyfotografert i delar av Hjelmeland i april 2025. Nye flyfoto er tatt i bruk i gardskart mm fom desember 2025.

Gardskart

Meld inn endringar etter kvart. Kommunen må i mange tilfelle ut på godkjenning av endringane. Skal oppdatert areal kome med til landbruksregisteret som ligg til grunn for søknad om produksjonstilskot må endringa vere gjort i kartet i første del av august. Er det areal som du og skal søkje om RMP til, for eksempel bratt areal, miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel mv, så må arealet vere oppdatert i gardskartet før 31. juli.

Spreieareal

Hjelmeland kommune fekk i fjor sommar lagt inn gamle godkjenningar av spreieareal i temakart-Rogaland Spreieareal. Så nå kan de sjå kva som er godkjent tidlegare. NLR og andre som treng det kan og hente frå kartbasen. Det er stort sett lagt inn etter gamle «teikningar» i kart. Dette stemmer ikkje heilt med dagens beite. Der det ikkje er beite lengre er det ikkje lagt inn godkjenning, men det kan godt vere at her er meir beite i dag, der meir og er aktuelt som spreieareal. Her må oppdaterast. Det er og fleire manglar. Nokon nyare godkjenningar er lagt inn, men sannsynlegvis ikkje alle. Her er fleire av dokk som har sagt ved godkjenning av nye innmarksbeite at de og vil ha beita godkjent som spreieareal. Av og til er dette gjort vedtak på, andre gonger er me ikkje kome så langt. «Innimellom» må me få dette ajour.

Etter ny forskrift om bruk og lagring av gjødsel, § 32, er det og mogleg å gi dispensasjon til å spreie gjødselvarer på anna areal enn godkjent spreieareal, som ledd i etablering av innmarksbeite. Årsaka til slik oppgjødsling må vere behov for meir beite, ikkje spreieareal.

Hogst langs vassdrag

Tiltak i kantsona langs vassdrag som t.d. graving eller hogst er i hovudsak søknadspliktig etter vassressurslova § 11, og det må eventuelt gis løyve frå Statsforvaltaren.

Det er lov å gjer plukkhogst, skjøtsel, så lenge ein opprettheld den biologiske funksjonen til kantsona. Årsaka til at ein ikkje skal hogge snautt er bla fare for erosjon, og levevilkår for fisk, musling og andre som lever i vatnet. Lauvfall gir næring til fisk og andre, trea skuggar for lys og reduserer oppvarming av vatnet mm.

Tilsyn gjødsellager

I følge kommunen sin tilsynsplan i høve til plan- og bygningslova, skal me ha tilsyn med gjødsellager. I sist Bondepost nr 2/2025 skreiv me om dette.

Nå i februar har me utført tilsyn av gjødsellager hjå 4 føretak. Fokus er å hindre forureining, og ta vare på tryggleik. Dvs. at lager er tette, blir vedlikehaldne slik at ein ikkje risikerer at portar og luker ryk når det er som fullast i lageret, at ein har gode rutinar for flytting og lessing av gjødsel slik at ein ikkje får søl til vassdrag mm. I høve til tryggleik er det fokus på at her ikkje er opne kummar som ein kan ramle i, enten at det er rister/lokk på opne luker, at det er gjerde/grindar dersom vegg på gjødsellager er lågare enn 1,5 m over bakken, og at det er innvendig stige i gjødselkummar som ein kan risikere at nokon ramlar uti.

Ei viktig melding er og at dersom det skjer uhell, tilfelle av akutt forureining, så må ein gjere det ein kan for å stanse utsleppet/forureininga så fort som råd. I tillegg melde frå til forureiningsmynde, dvs. kommunen, eventuelt brannvesen ved akutte hendingar. Den som forureinar er ansvarleg for å forhindre, stoppe, avgrense og varsle om eventuell forureining jf. forureiningslova. Men kommunen/brannvesen kan bistå ved behov.

Gjennom SMIL-ordninga går det an å søkje om tilskot til tak på eksisterande gjødsellager.

Skogen skal fornyast etter hogst

Det er krav om foryngelse av skogen etter hogst for å fylle vilkår om ressursutnytting og klima. God foryngelse er avgjerande for å oppretthalda ein berekraftig skogsressurs, og for halda på co2 opptaket ein har i skog. Dette er eit viktig tema som no både klimaminister og landbruks- og matminister presisera. Dei peikar spesielt på kystfylka der det er eit etterslep på planting etter hogst, og viser til at dette er noko som er svært viktig og at kommunane kan ta i bruk sterkare verkemidlar enn det som er brukt tidlegare.

Tidlegare berekningar visar at god og riktig foryngelse i heila landet kan gi eit økt årleg karbonopptak på over 1 million tonn CO₂, tilsvarande utslippene frå rundt 400 000 fossile personbilar. Det gjør foryngelse til ett av de mest kostnadseffektive klimatiltakene innen landbruk og skogbruk.

Regjeringa har dei siste åra gjennomført fleire tiltak for å gjer kommunane sitt arbeid enklare og meir effektivt:

- Revidert forskrift om bærekraftig skogbruk tydeliggjør hvilke treslag som er tellende ved foryngelseskontroll.
- Foreslåtte endringer i jordlova skal gi klarere rammer for omdisponering av skog til beite og styrker kommunenes sanksjonsmuligheter.
- Økonomiske virkemidler – som skogfond med skattefordel – skal bidra til at skogeiere lykkes med planting og ungskogpleie.

Statsrådene understrekar at kommunane har ei viktig rolle, og at det er viktig med ei systematisk oppfølging – inkludert pålegg der foryngelsen ikkje er i orden. Dette for å sikra framtidig verdiskaping og klimanytte.

Skogbruk i Hjelmeland 2025

I 2025 blei det i Hjelmeland kommune hogd totalt 5 020 kubikk med innmålt tømmer, gjennomsnittsprisen på alt tømmer var 733 kr/kubikk. Gode prisar gjer at ein har meir igjen etter hogst samanlikna med tidlegare år.

Gran: 1990 kubikkmeter

Furu: 3213 kubikkmeter

Det er også levert betydelege mengder med juletre både i 2024 og 2025. I statistikken er det selde tre i 2024 som kjem fram. Totalt blei det innmeldt sal av 24 319 juletre frå Hjelmeland.

Aktiviteten på skogkultur har vore bra i 2025, der ein har fått utført mykje arbeid i eksisterande plantefelt. Det er også grei aktivitet på forynging av hogstfelt, men det er framleis noko å gå på. Ein har nådd målet i NMSK strategien på over 500 dekar med ungsogpleie. Generelt betre økonomi i skogsdrift i tillegg til lokal entreprenør som tilbyr skogkulturtenestar, gjer at det er meir gjenplantning no en tidlegare.

Planting:	181 dekar
Suppleringsplanting:	199 dekar
Ungskogpleie:	502 dekar
Markberedning:	64 dekar
Såing:	26 dekar
Gjødsling:	195 dekar

Kurs/møte

Landbruksmøte 10. mars

Hjelmeland kommune arrangerer saman med Hjelmeland bondelag, Hjelmeland bonde og småbrukarlag, søre Ryfylke skogeigarlag landbruksmøte 10. mars på Hjelmeland Samfunnshus kl 19.00 – 21.30. 2026 er totalberedskapsår, beredskap er difor aktuelt tema på landbruksmøte.

Det vert innlegg av Robert Mood – «God nasjonal beredskap starter i åkeren», og Sveinar Vadla. Pause med kaffi og litt kaffigodt.

Maten vår 25. mars

Anders Nordstad har føredrag på Sand, Suldal Kulturhus 25. mars kl. 19.30

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Suldal mfl. er arrangør. Møte er ope for alle interesserte.